

Kultur- og kyrkjedepartementet
postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Omdanning av Norsk språkråd - høring

Me syner til høyringsbrevet av 20. april 2004, om omdanninga av Norsk språkråd, der høyringsinstansane blir bedne om innspel og synspunkt på strategi og samfunnsforankring for den nye institusjonen.

Fylkesmannen i Hordaland ønskjer å peika på at Norsk språkråd i si tid blei oppretta ved lov. Det nye institusjonen må også opprettast ved lov og bli eit forvaltningsorgan for norsk språk. Hovudoppgåvene for det nye forvaltningsorganet må følgja av lovteksten.

Det nye forvaltningsorganet må ha status som autorisert rådgjevande organ i høve til norsk språkbruk i alle offentlege samanhengar, og må få ansvar for å føra tilsyn med Mållova.

Det nye organet må få mynde til å kvalitetssikra det språket som barn og ungdom møter i skolen, t.d. i lærebøker og andre læremiddel.

Høyringsbrevet gjer det klart at den nye institusjonen ikkje skal ta ansvar for språksituasjonen for personar med fremmendkulturell bakgrunn. Etter vårt syn må det nye forvaltningsorganet få mynde i høve til å ta vare på individuelle språklege rettar for både majoritetsspråklege og minoritetsspråklege

Fylkesmannen i Hordaland meiner at eit forvaltningsorgan for norsk språk må ha brei tverrfagleg kompetanse; språkfagleg, juridisk, samfunnsfagleg og mediefagleg.

Det er behov for ein institusjon med fagkompetanse og -kunnskap om norsk talemåls- og skriftspråkstradisjon. Det nye organet må derfor ha sterke og velfungerande relasjonar til fagmiljøa og må få til oppgåve å driva språkvern, språkstyring, språknormering og tradisjonell språkrøkt

Institusjonen må samhandla med språklege premissleverandørar innanfor fleire fagfelt, med språkpolitisk engasjerte grupper og med språkbrukargrupper som er særleg utsette for påverknad

Det nye forvaltningsorganet for norsk språk må få tillagt ansvaret for at den faktiske språkutviklinga i Noreg blir overvaka og forska på.

Overvakinga og forskinga skal gjera forvaltningsorganet i stand til å setja inn tiltak for å unngå domenetap for norsk språk (nynorsk og bokmål) som bruksmål på alle samfunnsområde; trygga posisjonen for nasjonalspråket i Noreg og sikra jamstelling mellom nynorsk og bokmål.

Det nye organet må ta i bruk det språkpolitiske engasjementet i landet til å fremja dei positive sidene ved norsk målstrid: ei generelt høg språkleg bevisstheit og verdiforankringa innanfor demokratiske, sosiale, kulturelle og pedagogiske område.

Å ta vare på det språkpolitiske engasjementet vil også seia at det nye kompetansesenteret må kunna gå inn med strategisk, konsentrert innsats i saker som har brei tilslutnad på tvers av tradisjonelle språkpolitiske motsetnader.

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det nye forvaltningsorganet for norsk språk må utvikla tenlege metodar for rådgjeving og tilsyn med Mållova, og tenlege reiskapar for overvaking av individuelle språkrettar.

Det nye språkorganet må stå til teneste for heile sivilsamfunnet i forhold til å fremja bruken av eit presist og klart norsk språk. Institusjonen må halda fram med å ta i bruk alle typar massemedia for å driva aktiv folkeopplysning, til dømes utvikla ein praktisk tilgjengeleg nettstad for informasjon og rettleiing

Med vennleg helsing

Kjellbjørg Lunde (sign)
utdanningsdirektør

Inger Synnøve Moi (sign)
rådgjevar

*Med vennleg helsing
Inger Synnøve Moi*

*Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga
Postboks 7310, 5020 Bergen
Tlf. 55 57 23 79 Faks: 55 57 23 52*

E-post: inger.synnove.moi@fm-ho.stat.no

Heimeside: www.fylkesmannen.no/hordaland